



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 24.04.2019

Sak nr.: 19/783-15
Internt l.nr. 23641/19

Sak: 8/19

Tittel: **Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringeskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.
4. Fylkestinget vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg ved Sunnfjord museum er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meinar fylkestinget ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.

-----//-----

Fylkestinget fann samrøystes Torbjørn Vereide inhabil ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1. Arve Helle gjekk inn som varamedlem for Vereide.